



## Prestemarka gartneri

Prestemarka gartneri ønsker alle velkommen til julesal av dekorasjonar, røter, gravkransar m.m. på Coop Prix Skodje.

Måndag 19. til fredag 23. desember kl. 10.00 - 14.30.

## Opningstider i jula

### Skodje helsesenter

Ekspedisjonstida i romjula er frå kl. 10.00 til kl. 14.00.

Ved behov for øyeblikkeleg legehjelp utanom ekspedisjonstida, kontakt legevakta på tlf. 70 27 03 00. Der er alltid ein lege som har vakt. Eller om det hastar, ring 113.

### Rådhuset

Ekspedisjonstida på rådhuset vil i romjula vere kl. 9.00 - 14.00.

Det er mogleg å gjere avtale med sakshandsamar på rådhuset utanom ekspedisjonstidene.

Vi gjer merksam på at det kan vere redusert bemanning desse dagane.

### Biblioteket

Skodje bibliotek har stengt i jula.

Siste opningsdag før jul: Torsdag 22. desember.

Første opningsdag etter jul: Måndag 2. januar.

**Skodje kommune  
ønsker alle  
God Jul  
og  
Godt Nytt År!**

## Skodje kommune tilbyr eFaktura og AvtaleGiro

Vi minner om at Skodje kommune tilbyr eFaktura og AvtaleGiro på rekningane dine. Avtal og opprett dette med banken din, eller i nettbank.

### eFaktura

Ved bruk av elektronisk faktura kjem rekningane ferdig utfylt rett i nettbanken din, og vert oppbevart der. Då kan du til ei kvar tid gå inn i nettbanken og få opp bilete av både betalte og ubetalte rekningar.

Du vel sjølv når du vil betale rekninga. Sidan alt er ferdig utfylt (KID, kontonummer etc.) er det berre å klikke for å betale. Om du vil, kan du få melding på e-post kvar gong det kjem ei ny rekning i nettbanken din.

Fordelar med eFaktura:

- KID, kontonummer og alt er ferdig utfylt. Det einaste du treng er å bekrefte betalinga.
- Du har oversikt over både betalte og ubetalte rekningar i nettbanken.
- Du kan til ei kvar tid sjå bilete av rekningane eller printe ut ved behov.
- Du kan sjølv velge når du ønsker å betale.

Om du vil ta i bruk eFaktura kan du enten seie ja neste gong du vert tilbydd det i nettbanken din, eller du kan aktivt gå inn i nettbanken og registrere deg for eFaktura. Du må då oppgje eFaktura-referanse som er 000 + kundenummeret ditt på faktura frå Skodje kommune.

Som eFaktura-kunde vil du motta alle rekningar frå kommunen som eFaktura.

### AvtaleGiro

Med avtalegiro gjev du banken i oppdrag å betale rekningar for deg til rett tid.

Mange faste rekningar som kommunale avgifter, barnehage og skulefritidsordning kan betalast med AvtaleGiro.

La banken betale dei faste rekningane dine på forfallsdagen, utan at du mister kontroll og oversikt.

Fordelar med AvtaleGiro:

- Banken betaler rekninga for deg
- Slepp å huske på forfallsdatoar
- Unngå parringar

Du må inngå ein avtale med banken din som gjeld for alle rekningar du ønsker skal betalast med AvtaleGiro. Etter dette oppgjev du til banken kva for aktuelle betalingsmottakarar du ønsker å betale til på denne måten.

**e Faktura**

**Avtale Giro**

## EE-avfall

Elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall) er alt som treng straum eller batteri for å virke. Slike produkt inneheld ofte miljøgifter og skal leverast tilbake for miljøsanering og gjenvinning.

EE-avfall skal ikkje i restavfallet, men kan leverast gebyrfritt til næraste butikk som sel slike artiklar. Artikkelen treng ikkje vere kjøpt der, og du treng ikkje kjøpe noko nytt for å levere øydelagte artiklar. Det einaste du må passe på er at forhandlar sel tilsvarande produkt. Du kan òg levere EE-avfallet gratis til Bingsa, men då vert det registrert på kortet ditt.

Dette er døme på elektrisk og elektronisk avfall:

bandopptakar	CD-spelar	kassettpelar	lysrør	telefon
barbermaskin	datautstyr	kjøkkenmaskiner	mikrobølgeovn	TV
batteri	DVD-spelar	kjøleskap	MP3-spelar	vannkokar
blinkesko	frysar	klokke	PC	varmeovn
brunevarer	hårfønar	komfyr	radio	vaskemaskin
brytar	kaffetraktar	ladar	ringeklokke	videospelar

Levande lys, juledekorasjonar og barns leik med dei er dei vanlegaste årsakene til dødsbrannane. Vi nordmenn bruker omlag 17 000 000 levande lys i jula.

I tillegg til dødsbrannane topar julemånaden statistikken når det gjeld forbrenningar og skålding. Her utgjer barn den største gruppa skadde.

## Pipebrann

Dersom pipebrann oppstår, steng alle trekkopningar og kontakt brannvesenet.

Har du salt i huset, helst grovt, kast saltet over glørne i omnen for å dempe varmeutviklinga til brannvesenet kjem.

## Brannverntips

1. Skift batteri i røykvarslaren før julekvelden.
2. Test røykvarslaren ein gong kvar månad.
3. Forlat aldri rom med brennande lys.
4. Forlat aldri smultgryta når den står på komfyren.
5. Sjekk brannvernutstyr, som brannsløkkingsapparat og slange.

## Melding om brann

skal skje til tlf.

**110**

## Bingsa avfallsmottak

Skodje kommunestyre vedtok den 15.11.11 å innføre maktsgrense på strekkort til Bingsa avfallsmottak.

Maksimal mengde avfall som kan leverast er 1 000 kg pr. år pr. kort, gjeldande frå 01.01.12.

Abonnentane må sjølve betale på vanleg måte dersom ein kjem over denne grensa.

## Frosttapping

Det er viktig at alle gjer tiltak for å unngå frosttapping. Leidningar som er utsette for frost må isolerast eller gravast ned på frostfri djupne.

## Brøyting

Parkerte bilar på snuplassar, kommunale vegar og busslommer langs riksvegane er eit stort problem for brøytemannskapa.

Bilar som er parkerte slik kan verte taua vekk utan nærare varsel.

## Fargeskrinet

Mån.-fre.: kl. 8.30-15.30 (heile året)

Fargeskrinet har for sal handlaga produkt som:

- Vevde bordløparar, gryteklutar, golvtepper m.m.
- Tennbrikettar
- Silkesjal
- Kort m/ konvolutt

Tlf. 70 24 48 93.

Brukarar og tilsette på Prestemarka ønskjer alle ei God Jul og eit Godt Nytt År!

## Neste Kommunenytt

Neste *Kommunenyt*t kjem ut ca. 16. mars. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 9. mars.



## Dette skjer

### Ribbemarsj

### 2. juledag

Skøyebygdera og Engesetdalinga møtest på Fylling mellom kl. 12.00 og 13.00.

Servering av gløgg, varm saft, twist og mandariner.

Gamle og unge er velkomne til ein frisk tur for å trimme vekk ribbefettet.

Arr. Engesetdal I.L. og Skodje I.L.

### Skodje skulekorps

Skodje skulekorps ønskjer fleire medlemmer, og minner om at det er høve til å teikne støttemedlemskap.

Medlem for eitt år vert du ved å betale kr 200,- til 3901 30 31812.

Merk med namn og «Støttemedlem».

### Juletefest på

### Fagerheim

Det vert arrangert juletefest for heile familien torsdag 29. desember kl. 15.00 - 17.00.

Gang rundt juletreet og program. Litt å bite i - og kanskje kjem Nissen...

Arr.: Skodje frilynde Ungdomslag

Skodje frilynde Ungdomslag helsar til alle og ønskjer God Jul og takkar for året som snart er til ende.

Vi melder at «Jul på Sunnmøre», Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag sitt årlege julehefte no er i sal.

Heftet kostar kr. 60,- og kan tingast hjå Skodje frilynde Ungdomslag på mobiltelefon 997 05 856.

"Kommunenyt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundregionens utviklingskontor.  
Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



# SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35  
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no